



## Referat

### Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tid:</b>	18.februar 2021, kl. 10:00 – 13:00
<b>Møtestad:</b>	Digitalt møte på Teams
<b>Møteleiar:</b>	Åslaug Bøhn Botnen
<b>Til stades:</b>	Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Stein Johnny Heggstad (brukarrep.), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Grete Lill Hjartnes (SSE), Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Åslaug B. Botnen (Kvam), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS frå kl. 1100), Odd Ivar Øvregård (prosjektleiar utviklingsplanen), Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord frå kl. 1130), Åshild Sønsteby (Ulvik),
<b>Fråfall:</b>	Kjersti Nordanger (Voss)
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås (SSE)

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type</b> (Vedtak Drøfting Orientering)
01/21	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> Godkjent utan merknader	V
02/21	<b>Godkjenning av referat frå møtet 8. desember 2020</b> Referatet vart godkjent med ein merknad under sak 58/20 under overskrifta Vaksdal kommune vert punkt to endra til: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skal byggje omsorgsbustadar på Vaksdal. Eit tilbod som i omsorgstrappa som <i>kjem mellom heim og sjukeheimsplassar.</i></li></ul> Oppdatert referat ligg ved.	V
03/21	<b>Referat frå møte i underutvala</b> Underutval barn og unge, møte 10.12.20 Ingen merknader til referatet  Underutval PLO, møte 09.02.21 Merknad til referatet: <ul style="list-style-type: none"><li>- sak 4/21 under punktet Voss:</li></ul> Kommunalsjef frå Voss: vil korrigere «propp i systemet» med at det har vore nokre veker der me har hatt 3 brukarar som har venta heime. Dette skjer ikkje ofte. Ingen	O

	<p>institusjonsplassar er lagt ned. Me tilpassar bruk av plassar til behovet hos innbyggjarane. Det har ført til at me per dags dato brukar færre senger på sjukeheimen enn tidlegare. Korleis dette blir i framtida er det innbyggjarane sin helsetilstand som avgjer. Det er mangel på sjukepleiarar i område Vest. Rehab.avdelinga flytter tilbake til Hagahaugen 1.mars, då er alle på sjukeheimane og dei eldste i kommunen vaksinert.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Merknad til sak 03/21 om covid-19. Samarbeidsrådet viser til gjeldande avtale og rutinar. Test-svar skal ikkje stoppe ein planlagt utskriving. Dersom det er behov for endring av rutinar må dette meldast inn.</li> </ul>	
04/21	<p><b>Referat frå Medisinsk fagleg utval</b></p> <p>Det var ingen merknader til referatet.</p>	O
05/21	<p><b>Covid 19</b></p> <p>Kjersti Nordanger ga ei statusmelding frå koordineringsgruppa . Sjå vedlegg</p> <p>Helse Bergen supplerte med informasjon om underutval</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Underutval om smitteutstyr har møte kvar veke.</li> <li>- Underutval for personell jobbar og bidreg lokalt der det er behov.</li> </ul> <p>Pandemikoordineringsgruppa fungerer godt. Samarbeidsklimaet er godt og gruppa har viktige og gode diskusjonar.</p> <p>Ulvik orientere om korleis dei siste vekene har vore og korleis samarbeidet med helseføretaket og omkringliggende kommunar har fungert.</p> <p>Ulvik opplever å ha fått god hjelp frå alle kantar. Nettverket og samarbeidet har fungert.</p> <p>Eit døme på dette: Tidleg i smitteutbrotet såg Ulvik at dei hadde behov for mykje meir smittevernustyr enn dei hadde på lager. Berre få timar etter dei tok telefonen til helse føretaket kom ein bil med smittevernustyr frå Helse Bergen.</p>	O
06/21	<p><b>Handlingsplan 2021</b></p> <p>SSE orienterte kort om status for tiltaka</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til utkast til Handlingsplan for 2021. Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle parter om å sørgja for oppfølging av handlingsplanen.</p>	V
07/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.1. Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b></p> <p>Prosjektleiar Odd Ivar Øvregård innleia. Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p>Det var særleg 2 spørsmål ein ønska og drøft</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- saksflyt</li> <li>- faglege samarbeidsutval</li> </ul> <p><b>I drøftinga kom det fram:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- nokre saker eignar seg meir lokalt andre saker må løftast opp på regionalt nivå</li> <li>- I Helsefellesskapet kjem det fram fire utpekte pasientgrupper <ul style="list-style-type: none"> <li>o barn og unge</li> <li>o skrøpelige eldre</li> </ul> </li> </ul>	D

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rus og psykisk helse</li> <li>○ kronikkere</li> </ul> <p>Det er viktig å dra i felles retning. Det er framleis moglegheit for lokale prosjekter men desse bør henga saman med dei overordna føringane.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er ønskje om å få til ein meir lokal vri på samarbeidet. Me må utvikla tenester i lag. Me er kanskje passeleg store til å få til noko?</li> </ul> <p><b>Innspel til drøftingsnotatet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- pk 6.1 Toppleiarmøtet: Er tanken at dei same aktørane skal delt på begge møta? <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Inspirasjonsmøtet er noko breiare.</li> <li>○ Partnerskapsmøtet er for partane.</li> </ul> </li> <li>- Kven er toppleiar på helse og omsorg i kommunane? Delegeringsreglement er forskjellig i kommunane? Det kan derfor vera ulike «funksjonar» som deltek. Me må vera obs på korleis me gjer dette praktisk.</li> <li>- På kva nivå møtes me på toppleiarmøtet? Det er forskjellar mellom toppleiarane i kommunane og på sjukehuset når det gjeld «helse». Erfaring og kompetanse ligg ofte på kommunalsjefs nivå. Kommunikasjonen har «stammespråk» og kan ofte vera vanskeleg for rådmenn/ordførar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ toppleiarmøtet skal setja retning. Innhaldet i retninga må nivået under følgja opp.</li> </ul> </li> </ul>	
08/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.2. Pasienten si legemiddelliste (PLL)</b>  Prosjektleder Lars Ivar Mehlum frå Helse Vest IKT, og prosjektleder Lars Nedrelid frå Bergen kommune orienterte om saka. Presentasjonen ligg ved.</p> <p>Det vart presisert at kvalitet er særskilt viktig for prosjektet. Tar derfor steg for steg slik at kvaliteten og best mogleg effekten vert oppnådd.</p> <p>På spørsmål om kva som kan vera viktig for kommunane å førebu seg på vart det nemnt 3 sentrale punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- e-id</li> <li>- kjernejournal</li> <li>- e-resept</li> </ul> <p>Samarbeidsrådet synes dette er eit viktig arbeid som me håpar lykkast.</p>	O
09/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.4. Utarbeide retningslinjer for lege til lege samarbeid</b>  Randi-Luise Møgster orientert om saka.</p> <p>Etter SU-runden vert det sett i gang ein koordinert informasjonskampanje for å sikra at informasjon om dei nye retningslinjene kjem ut til rette mottakarar. Både MFU og PKOane vil ha viktige roller i dette arbeidet.</p> <p><b>Vedtak</b>  Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde gjev si tilslutning til «Generelle retningslinjer for samarbeid mellom fastlege og spesialisthelsetjenesten».</p> <p>Samarbeidsrådet støtter MFU sitt forslag til prosess for implementering og formelle rammeverk rundt retningslinjene.</p>	V

10/21	<p><b>Avdeling for rusmedisin (AFR) - evaluering av Bistandsteam</b> Eirik Elsaas, ass. avd.direktør AFR orienterte om saka. Presentasjonen ligg vedlagt.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering.</p>	O
11/21	<p><b>Kvalitetsforbetring av samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging</b> Kari Sygnestveit, Helse Bergen og Helene Søreide, Bergen kommune orienterte om saka. Presentasjonen ligg vedlagt.</p> <p>Ei viktig sak som Samarbeidsrådet støtter. Kommunalsjefane melder tilbake til Reidun kven som vert Voss lokalsjukehusområde sin representant i arbeidsgruppa innan 15.mars.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støtter SSE si tilråding, og vil utpeike representant til arbeidsgruppa innan 15.03.21.</p>	V
12/21	<p><b>Evaluering etter Toppleiarmøtet</b> SSE orienterte om saka.</p> <p>Samarbeidsrådet var samde om at det hadde vore eit godt møte og bra program. Brukarrepresentant trakk fram at det var synd brukarinnlegget måtte gå ut. Håpar dette kan koma inn igjen ved eit anna høve.</p> <p>Det kom og innspel på at utvalmedlemmane bør bidra til at toppleiinga i kommunane melder seg på og deltek på Toppleiarmøtet. Alle kommunane i Voss lokalsjukehusområdet deltok med minst ein frå toppleiinga (ordførar og eller rådmann).</p> <p>I evalueringa kom det mellom anna fram at ein etterlyste meir aktivitet frå ordførarar og rådmenn i kommunane og at ein burde tenkja på kva slags nivå me møtes på. Dei fleste ordførarar og rådmenn har lite erfaring frå helsesektoren og «kan» ikkje helsesektoren på detaljnivå. Dei er på eit anna nivå enn leiarane i helseføretaket, og har heller ikkje same kjennskap til samarbeidsstruktur og samarbeidsavtalar. Framover bør det kanskje vera meir fokus på korleis engasjert rådmenn/ordførarar til å ta større del i diskusjon på toppleiarmøtet. Helse-toppleiaren i kommunen er gjerne kommunalsjefnivået.</p>	O
13/21	<p><b>Årsmelding 2020, rekneskap 2020 og budsjett 2021</b> Orientering ved Åslaug Bøhn Botnen og Olav Lødemel</p> <p>Innspel til årsmeldinga: - Ralf Teetzmann frå Voss sjukehus har delteke i arbeidet med Revisjon av tenesteavtale 11. Dette vert lagt til i årsmeldinga Oppdatert årsmelding ligg ved referatet</p> <p>Rekneskapan for 2020 vart godkjent.</p> <p>Budsjettet for 2021 vart godkjent.</p> <p>Samarbeidsrådet ber om at det vert sendt ut informasjon til underutvala der det vert orientert om den økonomiske situasjonen til Samarbeidsrådet og at det er ønskje om</p>	V

	tiltak som kan skapa auka aktivitet. Informasjon om tilskotsordninga til samhandlingstiltak i lokalsjukehusområdet vert og lagt ved denne orienteringa.	
14/21	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p><b>Voss</b> Me opplever at det er ein del mangelfull kommunikasjon mellom sjukehus og kommune i samband med utskriving. Det er aukande problem med mangelfull epikrise frå sjukehuset. Vidare opplever me at det og er frå sjukehuset si side lite fokus på utskriving til heim der det skal tilretteleggjast, det gjeld særleg nye brukarar. Kommunen har sendt e-post til sjukehuset angående ei spesiell sak.</p> <p><b>Eidfjord og Vaksdal</b> har ikkje noko spesielt å melde. Veldig kjekt å høyre frå Ulvik og at dei vert godt ivareteke.</p> <p><b>Ulvik:</b> Smitteutbrotet har naturleg nok teke det meste av både tid og ressursar i Ulvik siste tida. Gledelig og sjå at dei eldre som var vaksinert i mindre grad har vore smitte. For dei som har vore smitta ser det ut til at sjukdomsforløpet har vore mildare. Med andre ord vaksinen ser ut til å virka.</p> <p><b>Kvam</b> Pandemien og smittehandtering har dominert arbeidet og i Kvam den siste tida. Mykje har stoppa opp og vore sett på vent. Me ser fram til at samfunnet opnar meir opp.</p> <p>Me held og på å rekruttera fastlege. Rekrutteringa er vanskeleg. Me har lyst ut stillinga heile tre gonger. Me håpar at dette skal ordna seg. Ei problemstilling er mellom anna at politikarane ønskjer å spare LIS1 lege. Dette gjer arbeidet endå vanskelegare.</p> <p>Elles er me godt i gang med vaksining og er klare til å vaksinere endå fleire så snart me får vaksiner.</p> <p><b>Voss sjukehus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samhandling med Ulvik har vore viktig den siste tida.</li> <li>- Vaksinasjon er i gang. Dette er viktig for å unngå smitte på sjukehuset.</li> <li>- Aktiviteten på sjukehuset har vore høg sidan i sommar. Erfarar at det tek tid å bygge opp aktiviteten medan det går raskt å ta den ned. Aktiviteten var nesten på topp før smitteutbrotet i Ulvik. Sjukehuset tok ned noko av aktiviteten i forbindelse med smitteutbrotet. Men det vanlege går som det skal</li> <li>- Samhandlinga – overgangane går stort sett bra men ein «knote» her og der</li> <li>- Samla plan for Voss 2035 (konseptutval utreiing skal styrebehandlast). Voss kommune er inkludert i arbeidet som vertskommune (interkommunal legevakt). <ul style="list-style-type: none"> <li>o Samarbeidsrådet ber om ei oppdatering av denne prosessen i neste møte</li> </ul> </li> <li>- Me har hatt eit godt samarbeid med Ulvik og det har vore kjekt å kunne hjelpe. 8 sjukepleiarar og ein hjelpepleia frå sjukehuset har bidratt i Ulvik. Dette har fungert fint og personale har vore særst motiverte for oppgåva.</li> <li>- Samhandling generelt: <ul style="list-style-type: none"> <li>o når det oppstår «knutar» ønskjer sjukehuset ei rask tilbakemelding slik at tiltak kan setjast i verk så tidleg som mogleg. Dette er både viktig og nyttig for vårt forbetningsarbeid.</li> </ul> </li> </ul>	0

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Me arbeidet kontinuerleg med å betra samarbeidet og samhandling</li> </ul> <p><b>HUS</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Det er mange gode initiativ i høve digitalisering.</b> Helse Bergen tenker at det ikkje er hensiktsmessig å starte opp med parallelle prosjekt, men at me heller bør delta i eksisterande prosjekt. Me har derfor kopla oss på e-helse Vestland og e-komp Vest. HB vil bidra i dette arbeidet og ha ei rolle i prosjekta. Kontakt med prosjektleiinga er etablert og HB er velkomne til å delta.</li> <li>- <b>Pasientsentrerte helseteam (PSH)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ tverrfagleg team som skal bidra til å utvikla meir heilskapelege tenester (i tråd med helsefellesskap)</li> <li>○ Eit viktig fokus i arbeidet er «Kva er viktig for deg som pasient»?</li> <li>○ Det er gjort eit kartleggingsarbeid i HB. Før igangsetting av eit prosjekt ønskjer me å fremja ei sak om dette til SU-runden i mai. Det er ønskje om å ha ein dialog med kommunane.</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Bjørkeli DPS</b></p> <p>Drifta går fint. Me har hatt få tilsette i karantene og opplever eit godt samarbeid med Voss sjukehus både når det gjeld vaksinasjon og testing av tilsette.</p> <p>Bjørkeli opplever å ha eit godt samarbeid både med divisjon psykisk helsevern og avdeling for rusmedisin.</p> <p><b>Brukarrepresentant</b></p> <p>Det er krevjande og vera pårørande og menneske med spesielle behov i desse koronatider. Me ser fram til å verta vaksinerte.</p> <p>Digital deltaking i møter har vore viktig.</p>	
15/21	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Varar representant til nettverk for rehabilitering og habilitering – «Møteplassen».</b> I sak 53/20 vart Hilde Ystanes valt som SR Voss sin representant. Det vart då ikkje valt vara. Kommunalsjefane melder namn på vara til Reidun innan 15.mars.</li> <li>- Informasjon om at det er kome på plass ny drosjeavtale med fleire av kommunane som i haust vart ståande utan avtale.</li> <li>- Åslaug Bøhn Botnen (leiar for Samarbeidsrådet) signaliserte at det er ønskjeleg med byte av leiar. Dette spørsmålet må følgjast opp.</li> </ul>	